

Prosjekttilskot: Kultur-amatør. Fordeling våren 2018 (Sak 2018/933).

	Søkjjar	Prosjektnamn	Søknads- sum	Tilråding	Grunngjeving (fylkesrådmannens kommentar)	Presentasjon av prosjektet (ifølgje søkjjar)	Totale utgifter
1	1959	Talent- konkurranse og Låtskriverkurs	60 000	20 000	(Barn og ungdom) Eit samarbeidsprosjekt retta mot unge låtskrivarar. Søkjjar er m.a. tildelt 30.000kr frå Frifond musikk til dette prosjektet. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 5 og 10	Fire viseklubber i Hordaland samarbeider om låtskrivekurs to helger, og en avsluttede helg med talent / låtskriver konkurranse. Fokusgruppe 15-26 år. Lignende opplegg gjennomført i fjor.	322 500
2	ALVERSUND KAMMERKOR	Prosjekt Juleoratoriet	20 000	10 000	Prosjektet har verdi for Nordhordlandsregionen og koret er eit av dei fremste i denne regionen. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1 og 10.	Det er blitt ein tradisjon at Alversund kammerkor framfører eit stort oratorium i Knarvik kyrkje før jul. I 2018 står Bach's Juleoratorium for tur. Koret gjer dette i samarbeid med profesjonelle solistar og orkester, oftast med musikarar frå Bergen filharmoniske orkester. På siste julekonserten (2017) satsa koret likevel på eit orkester med heilt unge, dels lokale musikarar. Det er eit mål å sleppa unge til i større og ganske krevjande oppgåver. Det er og eit mål at det skal vera mogleg å framføra denne typen musikk også utanfor dei store byene og konsertstadene. Ein vurderer og samarbeid med andre kor i området.	155 000

3	Animert kunst forening	ReAnima internasjonale animasjonsfilm festival	50 000	20 000	(Delvis barn og unge) Under denne festivalen vil det m.a. bli arrangert workshops, deriblant for barn. Festivalen arrangerast med hjelp av frivillige, m.a. studentar frå Fakultet for kunst, musikk og design. Studentar blir invitert for å vere med som frivillig då foreninga ønskjer at denne gruppa skal få høve til å vere med på å bygge festivalen. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 5, og 10.	ReAnima er den eneste uavhengige festivalen for internasjonal animert film i Bergen. Den andre festivalen vår finner sted på Bergen Offentlige Bibliotek og Fakultet for Kunst, musikk og design ved Universitet i Bergen i september 2018. Vi har i år fokus på norsk og skandinavisk animasjon fordi vi ønsker å fremme animasjonsmiljøet i Bergen, Norge og Skandinavia. I tillegg kommer vi til å vise internasjonal animasjon av høy kvalitet. Vi samarbeider med Kulturskolen i Bergen og Fakultet for kunst, musikk og design ved Universitetet i Bergen. På programmet har vi forelesninger, workshops, live animasjon, internasjonal animasjonsfilmkonkurranse, visninger av filmprogram, visninger av spillefilmer og utendørs visninger.	498 000
4	BEKKALOKKET FOTOKLUBB	1st Fjord-Bergen International Exhibition of Photography	20 000	12 000	Det er ambisiøst for fotoklubben å starte opp ein internasjonal fotokonkurranse. Fylkesrådmannen rår til å støtte festivalen dette fyrste året. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 6, 7 og 10.	I september 2018 skal Bekkalokket Fotoklubb arrangere sin første internasjonale konkurranse; 1st Fjord-Bergen International Exhibition of Photography. I forbindelse skal det være en utstilling i Bergen av vinnerbildene og det skal lages en katalog med de premierte bilder som sendes ut til alle deltakerne. Vi er svært usikker på hvor stor deltakelse det blir i konkurransen, noe som gir stor usikkerhet om inntektene. Vi håper på 300 deltakere. Vi skal ha 3 tilreisende jurymedlemmer, og det skal kjøpes inn en egen programvare for både online bildeinnlevering og juryering. Bekkalokket Fotoklubb dekker selv et eventuelt underskudd.	161 500

5	BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN	Vinterleir for barn og unge	15 000	12 000	(Barn og ungdom) Dette er eit regionalt tiltak som er med på å ta vare på og vidareføre vår immaterielle kulturarv. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 7 og 10	Bergen ungdomslag Ervingen ønskjer å skipa til Vinterleir for barn og unge mellom 10 og 26 år. Dette vert ei helg med ulike folkedanskurs og kurs i amatørteater, og deltakarane vert delt i grupper etter alder, nivå og aktivitet. Bergen ul Ervingen har lange tradisjonar for folkedans og teater, og me ønskjer å vidareføra desse til barn og unge. Me har fått med oss Lars Smaaberg til instruktør i folkedans, og Wilhelm Støylen på teaterkurset. Som spelmenn har me Maria Toppe og Johanne Mjøs. Dette vert eit helg med mykje dans og moro. Deltakarane vert innlosjert på klasserom på skule, der dei også får mat og kurs. Om kveldane vert det spel, dans og teatersportaktivitet.	46 000
6	BERGEN UNGDOMS- STORBAND (BUS)	Nattjazz-samarbeid BUS / Jarle Storløyken	16 000	13 000	(Barn og ungdom) Dette er eit spesialisert tilbod på høgt nivå knytt til Bergen kulturskole. Dette er eit godt samarbeidsprosjekt og søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, og 10	Seminar og Nattjazzkonsert mai 2018 saman med gitarist Jarle Storløyken med hans originalskrevne musikk for storband. Årets viktigaste og mest inspirerende prosjekt for BUS, som er eit talentprogram for ungdom (13-19 år) i Hordaland. Dei fleste er frå Bergen, men nokre frå andre hordalandskommunar. Eit slikt prosjekt har som viktig langsiktig synergi å rekruttere lokale talent til jazzmiljøet i regionen. Prosjektet er avhengig av at BUS som foreldrestyrt organisasjon skaffar ekstern finansiering.	26 000

7	Bergen Vest Seniorteater	Dra te sjøss!	10 000	10 000	Det er mangel på tilpassa kulturtilbod til denne målgruppa, og ein finn difor å kunne tilrå støtte til dette tiltaket som har motteke støtte fleire gongar tidlegare. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 5 og 10	BVS har klart å utvikle et prosjekt som blir svært godt mottatt både på sykehjem, pensjonistforeninger, Lionsklubbtreff for eldre, sanitetsforeninger etc. Blant publikum er det alltid noen som har vært til sjøs på 60- tallet, eller fruier som har hatt sine ektemenn som uteseilere. Vi får begeistrede tilbakemeldinger fra begge kjønn om at vår forestilling frisker opp i minnet om tiden som var, både når det gjelder sangene og historikken i cabareten. Forestillingen varer en time og aktørene har 40 ulike sekvenser å forholde seg til, så her må alle sanser være skjerpet for å få stykket til å flyte jevnt. Aktørene er i alder 68 -81, og to av dem reiser fra Austevoll hver uke der det går med minst 6 arbeidstimer til hver forestilling.	96 000
8	Bergen Veteranvogn Klubb	Vedlikehold kongebilene R-1 og O-1	36 562	15 000	Dette er eit prosjekt med stor regional kulturhistorisk verdi. Fylkesrådmannen er tilbakehalden med å støtte istandsetting av tekniske kulturminner i denne ordninga, men ein ser dette prosjektet som såpass unikt at det vert vurdert ei tilråding i denne omgang. Det er ikkje høve til å søkje tilskotsmidlar innan kulturminnevern for dette prosjektet, då mobile kulturminner fell utanfor desse retningslinene. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 3 og 10.	Se 3 vedlegg: 1) Beskrivende tekst 2) Bilde fra utstilling Bergen Tekniske Museum 3) Plakat som bl.a. viser at bilen er "helt original og skal bevares og vises frem i Bergen". Plakaten er for R-1. Tilsvarende for O-1	66 562

9	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	17.mai Gospelnight med Gospel Bergen	5 000	5 000	<p>Dette er eit årleg arrangement som har fått tilskot fleire gongar. Fylkesrådmannen tilrår likevel støtte til dette tiltaket som er tungt prega av dugnadsarbeid. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 5 og 10.</p>	<p>KFUK-KFUM Bjørgvin saman med gospelkoret Gospel Bergen og Bergen Domkirke menighet inviterer til gratis gospelnight i Johanneskirken på 17.mai. Dette er ein over 30år lang tradisjon som er godt kjent i bybiletet og tydar mykje for veldig mange, som ein viktig del av nasjonaldagsfeiringa. Kyrkja er vanlegvis fullsatt (tar max. 750 stk.), og ofte er det ikkje plass til alle som vil inn. Gospelnighten rommar både konsertsang og musikk, allsong og gudstenesteement som bøn, nattverd og ord for dagen. Dette er ei oppleving for det heile mennesket og set ei fin ramme på nasjonaldagen. Arrangementet er ope for alle med gratis inngang. Om lag 25 frivillige medarbeidarar bidrar, pluss kor, band og teknikarar.</p>	16 000
---	--	--	-------	--------------	---	---	--------

10	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Vinterfestivalen på Voss 2018	15 000	12 000	(Barn og ungdom) Dette er ein kristen ungdomsfestival som er ope for alle. Det har vore gitt støtte til denne samlinga tidlegare. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 2, 3 og 10.	Vinterfestivalen på Voss er ein stor ungdomsfestival og samlar ca.4-500 ungdommar i alderen 13-19 år, samt ca.100 frivillige leiarar og medarbeidarar til ei spektakulær helg med sceneshow, forkynning, kanonballcup, solidaritetsfokus med goballøp og-marknad, seminar, gudsteneste, konsert, dans- og koropptreden, leik og moro. På festivalen kjem det grupper frå store delar av Hordaland, i tillegg til ei gruppe frå Sogn og Fjordane. Fleire kyrkjelydar bruker festivalen som ein del av konfirmantopplegget sitt. Vinterfestivalen skaper mykje godt engasjement i gruppene våre, blant medlemmar og frivillige, så vel som engasjement for verda og våre søsken i sør.Festivalen er eit av flaggskiparrangementa våre og det største ungdomsarrangementet vårt.	423 500
----	--	----------------------------------	--------	---------------	---	--	---------

11	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Tweensfestival med Gloria- musikalhelg 2018	10 000	10 000	(Barn og ungdom) Bjergvin krets av KFUK-KFUM arrangerer her ein festival for barn og som er open for alle. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 5 og 10.	Tweensfestival er leirhelg for barn (tweens) mellom 10 og 13 år. Alle grupper som ønskjer kan melde seg på, det er ikkje krav om medlemskap i KFUK- KFUM. Leirhelg med sang, musikk, dans, drama, felleskor, seminar/workshops, konkurransar, fellesskap, vennskap, overnatting på skule, fellessamlingar med show, andakt/ord for dagen. Aktivietar som inspirerer og engasjerer aldersgruppa står i fokus for programmet og opplegget. På årets festival blir fellesprogrammet ein del av Bergen kirkeautunnale og vi jobbar med oppsetning av Gloria-musikalen (som er utgitt av KFUK-KFUM Bjergvin i 2011). Musikalen vil ha framsyning i Nykirken søndag 28.oktober. Sjå vedlagte skildringar.	80 000
----	--	---	--------	---------------	--	---	--------

12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Ten Sing Norway besøkshelg/veke	7 000	7 000	(Barn og ungdom) Bjergvin krets av KFUK-KFUM har om lag 60 barne- og ungdoms-gruppar i store deler av Hordaland, i tillegg til tilbod for unge vaksne og vaksne i fleire kommunar. Denne søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 3, 5 og 10.	KFUK-KFUM eittåringsprogrammet Ten Sing Norway 2018/2019 (TSN) kjem på besøk til Bergen og Hordaland i løpet av turneperioden sin november 2018-februar 2019. TSNformidlar Ten Sing ideologi gjennom show med musikk, dans og drama, gruppebesøk med miniseminar / workshops, skulebesøk (primært vgs) og kurs i korleis drive Ten Sing grupper som ungdomsarbeid. I tillegg har TSN sitt eige show som vi set opp som førestelling / konsert. Vi håper at TSN kan vere ei heil veke i Bergen slik at dei kan reise rundt i Hordaland. Skulle det ikkje vere mogeleg å få til, så legg vi opp til ei helgsamling med seminardag der deltakarane kan velje mellom ulike spesialiseringsfelt. Påmelding til seminar vil då vere ope for alle.	45 000
----	--	------------------------------------	-------	--------------	--	---	--------

13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Påskeleir i Ulvik 2018 (familiepåskeleir)	6 000	Avslag	Det er 5 søknadar frå Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM og fylkesrådmannen finn ikkje rom til å tilrå støtte til alle. Fylkesrådmannen har valt å prioritere søknadene som retter seg særleg mot barn og unge	Bjørgvin KFUK-KFUM og Bergen KFUK-KFUM Ynglingen arrangerer årleg familiepåskeleir. Leiren er open for alle, utan krav om medlemskap. Familiar både frå Vest- og Austlandet deltek. Føremålet med leiren er å skape ein møteplass for familiar, med eit programtilbod tilpassa dei ulike aldersgruppene, og interesser, samt samlingar med fellesprogram. Leirprogrammet gir rom for både innandørs- og utandørsaktivitetar. Det er opp til den einkilde kor mykje av programmet ein deltek på. Leiren tilbyr fellesprogram morgon og kveld, der det er fokus på både kreativitet, refleksjon, så vel som inspirasjon i kvardagen. Leiren byggjer fellesskap, samhald og vennskap. Leiren er også eit fint høve til å få med seg den kristne påskebodskapen.	172 000
----	--	---	-------	---------------	--	--	---------

14	BJØRGVIN MARKNAD	Bjørgvin Marknad 2018	40 000	18 000	<p>Dette er eit fint samarbeidsprosjekt som er med på å ta i vare og vidareføre ein del av vår kulturarv. Denne søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 10.</p>	<p>Prosjektet det søkes støtte til vil være årets festival, som er organisasjonens hovedfokus og mål, der vi formidler historie gjennom "living history" til alle som skulle ønske komme på besøk under markedshelgen. Pengene vi søker om hos dere ønsker vi for å kunne få inn dyktige musikere som underholdning og som en viktig del av atmosfæren og opplevelsen ved besøk hos markedet vårt. I år står Virelai (middelalderband, DK) og Vikingmusikk (Kjell Braaten, NO) øverst på ønskelisten, som skal ha rundt 25'000,- og 15'000,- for et slikt oppdrag. Ellers betaler vi også for å få inn andre talenter i hjelp med å formidle alt fra håndverkshistorie til kulturhistorie, og har hvert år ulike folk inne til å ha foredrag, kurs og til å lede aktiviteter.</p>	129 000
----	-----------------------------	--------------------------	--------	---------------	--	---	---------

15	BRASSWIND	BrassWind 2018	30 000	20 000	(Delvis barn og ungdom) Brasswind er eit regionalt og viktig arrangement for eit sterkt korpsmiljø i både Hordaland og andre stader i landet. Det fremjar ny musikk / samtidsmusikk til ei brei gruppe. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 10.	BrassWind er ein årleg festival med fokus på ny musikk for korps og ensemble. Under festivalen møtest windband, brassband og ensemble, og flinke, engasjerte amatørar og skulekorpsmusikantar møter profesjonelle utøvarar, dirigentar og komponistar. BrassWind vart første gong arrangert i Teatergarasjen i Bergen i oktober 2004, og var ein stor suksess. Sidan da har 95 nye verk fått si førsteoppføring under festivalen, også sceniske verk. I 2018 medverkar mellom anna desse på festivalen: Sjøforsvarets Musikkorps, Ensemble Ernst, Den Danske Messingkvintet og Midttun Skoles Musikkorps saman med eliteklassen i moderne dans fra Os kulturskule. BrassWind 2018 vert arrangert over tre dagar, 21. -23. september, i Universitetsaulaen i Bergen.	380 000
----	------------------	----------------	--------	---------------	---	---	---------

16	BWS MUSIKK Barbro Wiig Sulebakk	STORKONSERT 2018	40 000	18 000	(Barn og ungdom) Dette er eit regionalt tiltak og søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 10.	Prosjekt Storkonsert arrangeres på tvers av kommunegrensar, og samlar barnekor fra hele fylket til et felles opplegg. 494 barn og unge fra Hordaland (inkl. deres ledere) er med i årets prosjekt. Det drives et fantastisk barnekorarbeid rundt omkring i landet vårt. Arbeidet drives for det meste av lokale ildsjeler som brenner for at barn og unge i lokalsamfunnet skal ha et godt og variert fritidstilbud. Dette miljøet synes vi fortjener å bli løftet mer frem og satt pris på. Vi ønsker at barna skal føle seg inkludert og verdsatt i en konsertsal med de aller beste rammene for formidling av barnekultur,- sang, dans og drama i tett samarbeid med profesjonelle produsenter og artister. STORKONSERT er selve konserten/festivalen i prosjektet.	441 789
----	--	---------------------	--------	---------------	---	--	---------

17	DIVISI	Åpne Hjerters Messe	10 000	Avslag	<p>DIVISI har tidlegare motteke støtte til sine regionale korturnear. Dette prosjektet kan ikkje reknast som ein regional turne då tiltaket er avgrensa til to kommunar. Fylkesrådmannen vurderer søknaden til å ikkje stette tilstrekkeleg det regionale kriteriet for denne ordninga og tilrår difor avslag.</p>	<p>«Åpne hjerters messe» er komponert av Tord Gustavsen. Messa vart skriva som bestillingsverk til Nidaros Domkor og urframført i Nidarosdomen i 2013. Tord Gustavsen beskriv sjølv messa som impresjonistisk kammergospel og med nært slektskap til instrumentalmusikken han komponerer. Musikalsk står den i spennet mellom to hovudpolar; på den eine sida det jordnære med melodiske motiv som enkle vuggesongar og på den andre sida det opne, transparente og fleirtydige i både tekstur og harmonikk. Gustavsen uttalar sjølv at hovedutfordringa i framføringa ligg ikkje i å meistre kompleksiteten men å få fram «nerven» i musikken - få øyeblikk til å opne seg. Nettopp dette er målet for koret å skapa gyldne augneblink.</p>	94 500
----	---------------	---------------------	--------	---------------	--	--	--------

18	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	SCORE - dataspillkonsert	40 000	Avslag	Det går ikkje fram av søknaden kor desse konsertane skal vere. Vidare er dette eit prosjekt som korpset kan søkje om støtte til i den nyoppretta ordninga "Tilskot til elitekorps".	Dragefjellets Musikkorps ønsker høsten 2018 å gjøre konsert med musikk fra dataspill. Vi ønsker da å gjøre konseptet «SCORE» i versjon for janitsjarkorps / symfonisk blåseensemble. Dette er en musikalsk reise som spenner over hele sjangerens historie, og som vi håper vil glede både musikk – og dataspill-entusiaster. Programmet vil inneholde musikk fra kjente spill som: Final Fantasy, The Last of Us, Mega Man, Bloodborne, Skyrim, Age of Conan, Journey, HALO, Assassin's Creed, Super Mario, The Legend of Zelda og Sonic the Hedgehog Vi planlegger å gjøre 3 konserter med konseptet i prosjektperioden. Mer informasjon om konseptet finnes på www.scoreconcert.com	200 000
19	EIKANGER- BJØRSVIK MUSIKKLAG	Eikanger-Bjørsvik: Konsertserie våren 2018	20 000	Avslag	Søkjar har søkt om støtte til sine konsertseriar i fleire år og har ofte vert gitt støtte til slike serier. I denne omgang kan ikkje fylkesrådmannen finne rom til å prioritere i ordninga då musikklaget kan søkje om støtte til m.a. konsertserien(e) i den nyoppretta ordninga "Tilskot til elitekorps".	Eikanger-Bjørsvik har i en årrekke arrangert sin egen konsertserie med fire til fem større konserter med profesjonelle gjestedirigenter i Bergen hvert år. For Eikanger-Bjørsvik er konserter av denne typen svært viktig for ensembles utvikling, og er med på å heve kompetansen og forståelsen av musikk hos medlemmene i amatørensemblet. Slik egenutvikling er viktig for at musikantene kan fortsette arbeidet med å gi inspirasjon tilbake til lokalmiljøet og de fremtidige stjerner. Vårens konsertserie består av 2 konserter.	231 000

20	Fjell Brass	Filmkonsert med skulekorps	35 000	15 000	(Barn og ungdom) Prosjektet vert skipa til for å m.a. gi unge musikantar frå 4 kommunar inspirasjon og påfyll. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 3 og 10.	Helga 21. - 22. april 2018 inviterer Fjell Brass til samspelseminar og showkonsert for skulekorpsmusikantar i region Vest (Sund, Fjell, Øygarden) og Bergen. Dette er eit årleg tiltak der vi samlar dei lokale skulekorpsa til ei inspirerende helg med samspel, læring, mestring og moro. Vi hadde stor suksess med "Knutsen og Ludvigsen"-show i fjor og årets tema er filmmusikk. Samlinga vert avslutta med ein showkonsert der vi presenterer kjend musikk frå filmar som Harry Potter, Star Wars, Hakkebakkeskogen, Disney, James Bond m.fl., saman med levande bilete på storskjerm. Vi forventar at rundt 40 skulekorpsmusikantar og 30 vaksne vil delta denne helga.	70 000
21	FOLKE- AKADEMIET HORDALAND	Kinck-dagane 2018	12 000	10 000	Hans E. Kinck etterlot seg ein stor litterær arv og interessante bygningar med interiør. Dette vert vist fram under desse dagane, som i år har jubileum, og prosjektet har regional verdi. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 2, 3, 5 og 10.	Kinck-dagane har 30-årsjubileum. I år vert det fokusert på Bull-familien, og tilknytning til Kinck-eigedomen med ei utstilling i "Skipperhuset" med Bull-rekvisittar og foredrag. Musikalske gjester vert Arve Tellefsen og Knut Buen. Når det gjeld Kinck sin litteratur, vert det foredrag om tida hans i Italia og den nokså ukjende renessansediktinga hans. I tillegg arbeider ein med, saman med Kabuso, å få lånt ut frå Norsk Folkemuseum ei Isak-fele (laga i Botnen i Kvam) som Ole Bull hadde på debuten i Paris til Kvam. Kostnader m.a. til kurèr. Planlegg ei markering i Kabuso i september med fela, og foredrag.	132 000

22	HORDABØ SKULEMUSIKK- LAG	HELGE- SEMINAR 8.- 10. JUNI 2018 Kinsarvik	35 000	Avslag	(Barn og ungdom) Eit skulemusikklag er eit lokalt ansvar. Fylkesrådmannen tilrår avslag på bakgrunn av føremålet med ordninga.	Hordabø Skulemusikklag er eit skulekorps som er på veg "over kneiken" , etter å ha stått i fare for nedlegging for nokre år sidan. Korpset er eit samarbeidskorps mellom skulekrinsane Austebygd og Hordabø. Korpset vart stifta i 1969, og har altså 50 års jubileum neste år. Dette året vil korpset også prøva seg i NM for skulekorps som vert halde i Bergen i slutten av juni. Tilskot til korpset sitt arbeid for born og unge er særst viktig, og prosjektet med tur til Kinsarvik er ei premiering til borna for god innsats musikalsk og sosialt. Me vonar på positivt svar :-)	35 000
----	---	---	--------	---------------	---	---	--------

23	HORDALAND FYLKESLAG AV NFU	Kultursamling 2018	80 000	28 000	Slik fylkesrådmannen ser av søknaden, er dette eit noko medlemsinternt prosjekt, men er likevel eit særst viktig kulturtiltak for målgruppa. Søknaden stetter spesielt nr. 1 og 10.	I år har me foreløpig følgjande grupper å velgja mellom: Bevegelse til musikk, Musikk og band, Kunst og håndverk, Bli ny, Dans, Enkeljympa, Data/Media og Brannvern. Moteshow og Disco på lørdag kveld. Oppvisning søndag for alle grupper. Kultursamlinga har vore arrangert kvar haust siden 1996. Dette er årets happening der ein opplever og lærer mykje og treff gamle og nye venner. NFU Hordaland fylkeslag ønskjer at eigendelen skal vera overkommeleg for den enkelte. Dei fleste utviklingshemma må ha med seg ledsager, som utgjere ein ekstrakostnad for dei med å reisa/delta. Difor jobbar fylkeslaget iherdig med å skaffa støtte til arrangementet. Vårt mål er å gi kulturopplevelser som er godt tilrettelagt for våre medlemmer m/fl.	538 066
----	---	-----------------------	--------	---------------	---	---	---------

24	Johan Børsheim	Husmannstovetreff med konsert og scenekunst.	20 000	10 000	<p>Dette er eit prosjekt med regional interesse og har støtte i heimkommunen. Busjettet viser høg eigendel gjennom billettsal og dugnad. Søknaden støtter særleg vurderingskriteria nr. 6 og 8.</p>	<p>Husmannsplassen Kvemmadokkje i Ulvik inviterer også i år til det årlege husmannstovetreffet med konsert / scenekunst. Første gong var i 2006. Åse Kleveland m/ band og Kvitanesen (Torbjørn Ljones, oppvaksen i Ulvik) med sonen Andreas Ljones underheld. Sjå www.kvemmadokkje.no Sjå òg videoen der.</p> <p>Som i 2006 og alle år seinare vert det servert tradisjonsmat og drykk, og husmannskost, m.a.spekesild/potet og vassgraut!</p> <p>Dette er eit dugnadsprosjekt, familie og vener hjelper til – eldre og yngre gjester frå heile Hordaland kjem. Fri inngang for dei under 12 år.</p> <p>HFK har støtta dette fleire gonger, me har hatt mange gode aktørar ; Juni Dahr med Markens Grøde, Leif Ove Andsnes m/ Hemsingsystrene, Rybak & Frikar, Moldestad & Nordstoga m.m.</p>	63 000
----	-----------------------	--	--------	---------------	---	---	--------

25	KROHNENGEN BRASS BAND	Solistkonsert med unge talenter og Damsgård Skoles Musikkorps	40 000	Avslag	(Barn og ungdom) Fylkesråmannen kan ikkje sjå av søknaden at dette tiltaket har tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert.	Søndag 11.03.18 klokken 19.00 avholder Krohnengen Brass Band sin tradisjonelle solistkonsert for unge talenter i Grieghallens foajé. På denne konserten får unge, lovende skolekorpsmusikanter anledning til å være solist med et av Norges beste brass band. I tillegg deltar Damsgård Skoles Musikkorps og en trio satt sammen fra lokale skolekorps. Det er en målsetning for KBB at konsertene gjennomføres i gode konsertlokaler og med en anerkjent dirigent, slik at opplevelsen for solistene blir best mulig. Dirigent er Allan Withington. Før konserten får hver solist to prøver sammen med korpset, og vi samarbeider rundt repertoarvalg, slik at ungdommene får eierskap til prosjektet. Prosjektet er en stor vitamininnsprøytning for alle deltakere.	30 000
----	----------------------------------	---	--------	---------------	---	--	--------

26	Kvam herad	Mosaikk - turnè på institusjonar for eldre	22 000	15 000	<p>Dette er eit regionalt samarbeidsprosjekt. Søkjar og samarbeidspartnarar får tilskot gjennom ordninga "Den kulturelle spaserstokken", men ein vel likevel å prioritere oppstarten av dette prosjektet i denne omgang. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 5 og 10</p>	<p>Kommunane Os, Fusa, Samnanger og Kvam samarbeider i eit nettverk om varierte kulturtiltak for eldre på institusjonar, og har som mål å saman vera nyskapande, kobla saman ulike aktørar, og stimulera til arbeid på tvers av kulturar og aldersgrupper. Mosaikk er eit prosjekt i Kvam kulturskule der songar, musikk, dans og eventyr frå heile verda skal munna ut i ei framsyning. Framandkulturelle elevar deltek i prosjektet i skuletida. Kommunenettverket har gjennom fleire prosjekt samarbeidd om ulike tiltak for eldre, og har god erfaring med denne type aktivitetar for eldre. Kommunane ønskjer no visa eldre på institusjonar mangfaldet i kulturlivet , og å gje eit innblikk i kulturar frå andre land, med tanke på integrering og opplevingar.</p>	20 300
27	LAKSEVÅG BLANDET KOR	Vårkonsert Troldsalen	6 000	Avslag	<p>Fylkesrådmannen tilrår avslag på bakgrunn av vurderingskriterie nr. 1 og 9.</p>	<p>Populær og tradisjonell vårkonsert i Troldsalen. Denne gangen vil vi prøve å få med oss barnekor, noe som er svært populært både for barna og publikum. Vi har også med musikere fra Grieg Akademiet.</p>	636 000

28	NORSKE SYMFONI-ORKESTRES LANDSFORBUND	Vestlandsk Sommarsymfoni 2018	20 000	15 000	Dette er eit godt kompetansehevande tiltak på tvers av regionar og fylke. Tiltaket vil ha mange deltakarar frå Hordaland. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 3 og 10.	Vestlandsk Sommarsymfoni er et kurstilbud til voksne amatørmusikere (70-80) fra hele landet, og det eneste i sitt slag. Kurset omfatter gruppeprøver med sju profesjonelle orkestermusikere / lærere som instruktører, øving i stort orkester med profesjonell dirigent (i år Lars-Thomas Holm) og kammermusikk. Kurset avholder flere konserter, i år vil vi forsøke med oppsøkende gratiskonserter i lokalmiljøet, og stor avslutningskonsert i Operahuset Nordfjord, med Tsjajkovskijs 4. symfoni som hovedverk.	190 000
29	OLE BULL KAMMERKOR	O13 - Messe for to firstemmige kor	30 000	Avslag	Det vert omsøkt til ein konsert i Hordaland og fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert.	Ole Bull Kammerkor inviterer med seg Kammerkoret Aurum til en felles konserttrekke. Begge kammerkorene består i utgangspunktet av 24 dyktige, håndplukkede sangere, og har hevdet seg høyt i konkurranser de siste årene, nasjonalt såvel som internasjonalt. Korene møttes under NM for kor i Trondheim i 2015, hvor Aurum, ledet av dirigent Eva Holm Foosnæs, gjorde rent bord, og bestemte seg da for å samarbeide en gang i fremtiden. Nå er tiden kommet, og de to korene vil fremføre Frank Martins Messe for to firstemmige kor, først i Trondheim, deretter i Johanneskirken i Bergen. I tillegg vil hvert kor presentere hver sin bolk med eget repertoar. Ole Bull, ledet av dirigent Jon Flydal Blichfeldt, vil også fremføre verket under Mariafestdagene i juni.	225 630

30	Osafestivalen	UngOsa 2018	25 000	18 000	(Barn og ungdom) Dette er eit regionalt tiltak som er med på å ta i vare og vidareføre vår immaterielle kulturarv. Denne søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 7 og 10.	UngOsa 2018 er ei helgesamling innan folkemusikk og folkedans for born og unge (7-18 år) under Osafestivalen og Vestlandskappleiken. Kurs i hardingfele, toradar, vokal og dans. Deltakarane vert delt inn i grupper etter aktivitet og nivå. Samlinga vil gå over tre dagar (fred-sønd) med felles konsert med alle deltakarane og lærarane deira, som ein del av det ordinære festivalprogrammet til Osafestivalen. Deltakarane vil også bli inviterte med på familiekonsert, sjokoladekappleik og dansekveld. I tillegg til undervising i grupper (hardingfele, torader, song, dans) vil deltakarane også ha fellesøkt i dans, og elles sosialt samvære med song, spel, dans og leik. Sjå meir i vedlagt projektskisse.	17 500
31	RADIO TAMIL / THEN TAMIL OSAI	kulturkveld	16 000	Avslag	Det vert i denne søknaden søkt om tilnærma fullfinansiering. Vidare er prosjektet er lite gjennomarbeidd og søknaden manglar spesifisering.	Flerkulturelle Kulturarrangement: Kultur innslag skal fremføre av amatører og profesjonelle både fra Norge og Sri Lanka. Gjennom Flerkulturelle Kulturarrangement skal vi forkosere kulturelle musikk. Vi har planlagt å invitere artister fra forskjellige grupper fra forskjellige lander.	69 850

32	Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn Bergen og omegn	70 år med menneskerettar og religionsfridom	40 000	35 000	(Barn og ungdom) Dette er eit godt samarbeidsprosjekt om markering av 70-årsjubileet for FN si menneskerettserklæring. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 5, 7, 9 og 10	STLB og FN-sambandet ønskjer å samarbeida om markering av 70-årsjubileet for FNs menneskerettserklæring. Vi vil ha kulturaktivitetar som vil halda religionsfridom som ein grunnleggjande menneskerett i fokus. Støtta frå HFK er tenkt til ungdomsprosjektet Gatekunst for menneskerettar og religionsfridom - verkstadar med dialogtrening gatekunstkurs. Målgruppa er nye unge kulturbrukarar. Vi vil rekruttera via ungdomsklubbar, innvandrarorganisasjonar og trossamfunn i heile fylket. Resultata vert stilt ut under festivalen Mangfoldsbyen og Internasjonal veke i Bergen og Hordaland. Vi vil tilby inkluderande kulturaktivitetar, som kan skapa kontakt på tvers av kulturar og livssyn, og som bidreg til auka merksemd om menneskerettar og religionsfridom.	377 000
----	---	---	--------	---------------	--	---	---------

33	SOMMERSTRYK	Sommerstryk 2018	30 000	22 000	(Barn og ungdom) Dette er eit årleg tiltak som har fått støtte fleire gongar tidlegare. Ein vel likevel å prioritere søknaden då dette er eit positivt og regionalt tiltak, med lang erfaring, retta mot barn og ungdom. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 5 og 10.	Sommerstryk er en frivillig forening som hver sommer arrangerer et ukeskurs for unge musikere på strykeinstrumenter i Bergen. Kurset finansieres delvis ved individuell deltakeravgift, men er helt avhengig av økonomiske tilskudd fra private og offentlige bidragsytere. Kurset er for unge strykere på grunnskoletrinnet i Hordaland, arrangeres for syttende gang, og har et velrennomert tilbud for målgruppen. Et tilsvarende, lokalt kurstilbud finnes ikke. Deltakerne bor hjemme, men engasjeres på heldagsbasis ved at orkesterøvelser og individuell undervisning knyttes sammen med aktiviteter innen dans, rytmikk og teori. Kursuken avsluttes med festkonsert i Fana Kulturhus. Kurset har bidratt til å styrke barne- og ungdomsorkestrene i regionen.	225 000
34	SONGKORET ALBATROSS	Frå Broadway til Folk ved Fjorden	30 000	Avslag	Det vert omsøkt til konsertar i ein kommune og fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert i denne ordninga.	Samstundes som Songkoret Albatross har 30 årsjubileum i 2018, er kinoen på Fammestad, den einaste faste kinoen i kommunen, 35 år. Det er med bakgrunn i dette at koret skal gjennomføre ein jubileumskonsert med filmmusikk som tema. Det vil bli eit variert program som spenner om musikk frå filmar på tidlig 1900-tal og fram til store filmar som Hobbiten/Ringenes Herre i vår tid. Det er planlagt enkle sceneskift, enkelt skodespel og framsyning av små filmsnuttar, animasjonar og stillbilder som del av regien. Filmframsyning vert via kinoens anlegg.	46 000

35	STIFTELSEN D/S STORD I	Torsdag 24. mai 2018: Fjordtur med D/S Stord I til Ytre Arna med besøk på Ytre Arna Museum og hos Oleana.	20 000	10 000	Dette er eit tiltak mellom tre aktørar med eit sterkt kulturhistorisk engasjement. Det vert tilrådd noko støtte til prøveprosjektet. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 5 og 10	Stiftelsen D/S Stord I ønskjer å bruka "Stord I" i samarbeid med andre kulturtiltak , og også gjerne saman med næringslivet. Stiftelsen er blitt spurd om å vera med på eit felles opplegg med "Stord I", Ytre Arna Museum og Oleana. Nye opplegg vil det alltid vera knytt uvisse til, særleg om tiltaket vil vera økonomisk berekraftig. Søknaden til Hordaland fylkeskommune er for å redusera den økonomiske risikoen ved oppstarten av eit nytt tiltak. Me kan visa til eit vellukka samarbeid som i si tid vart gitt oppstarttilskot frå fylkeskommunen: Bergen Heritage Tour, jf. vedlegg.	210 000
36	Stiftelsen Damsgårds-dagene	Damsgårds-dagene 2018	60 000	Avslag	(Barn og ungdom) Denne kulturfestivalen er knytt til ein bydel i Bergen og fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert. Dette prosjektet er fyrst og fremst eit kommunalt ansvar.	Damsgårdsdagene er en firedagers kulturfestival. Stiftelsen består av et styre som representerer over 40 ulike organisasjoner og lag under festivalen. Festivalen utløser hvert år et stort lokalt engasjement fra alle alders- og interessegrupper på tvers av et fantastiske mangfoldt. Gjennom dagene knytter vi de gamle tradisjonene med buekorps, Vengebåten, lokalmuseum, fergehallen og de nye kulturuttrykkene i musikk, dans med røtter fra Sri Lanka, Polen og Romania. Under festivalen vil barn og unge få tilbud om alt fra scenekunst, litteraturarrangement, aktiviteter, konserter og mye mere.	1 215 000

37	STIFTELSEN FARGESPILL	D eg E	80 000	30 000	(Barn og ungdom) Fargespill får 828.000 kroner i driftsstøtte over HFK sitt kulturbudsjett og er eit av det viktigaste og mest vellukka fleirkulturelle kulturprosjekta i Noreg. Det er fyrste gong at Fargespill frå fleire byer i Noreg samarbeider om ei felles framsyning. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 4 og 10.	Fargespills nye forestilling "D eg E" handler om identitet. Gjennom musikk og dans som spenner fra Hip hop til halling, finner fargespillerne balansen mellom røtter og nye impulser i sin søken etter D eg E. Med på laget har vi en av vår tids mest banebrytende hip hop-artister, Lars Vaular, denne gangen som tekstforfatter. Det kommer gjesteartister fra Fargespill-Kristiansand, -Larvik, -Trondheim og -Ålesund. Det blir drypp av nysirkus, helt ny scenografi, og ikke minst helt nytt repertoar. Med andre ord, alt er nytt. "D eg E" har premiere i Grieghallen søndag 12. november 2017.	69 000
38	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	Dansens dag 2018	6 000	Avslag	(Barn og ungdom) "Folkedans i Hordaland" er eit prosjekt som har motteke til saman 1.655.000 kroner over 4 år gjennom Kulturelt utviklingsprogram. Fylkesrådmannen tilrår avslag til denne søknaden då dette allereie er eit prosjekt som er støtta gjennom KUP.	Dansens dag vart oppretta av UNESCO i 1982 og feirast i dag rundt omkring i mange ulike land i heile verden. Den internasjonale dansedagen feirast på tvers av kulturell, politisk og religiøs tilhørslse. På Voss skipar i samarbeid Voss Danseskule og prosjektet Folkedans i Hordaland (dancesatsinga til Hardingfela.no) til lokalt arrangement. Fleire andre samarbeidspartnarar er også med og bidreg på ulike sett under arrangementet. Desse er blant andre aktørar frå Voss spelemannslag, Voss ungdomslag, Voss tangoklubb, Vaksenopplæringa, Voss Sentrum, med fleire. Arrangementet vil innehalda danseverkstadar i ulike dansestilar, felles arrangement og dans på torget, og dansefest i biblioteket på Kulturhuset. Sjå elles vedlagt søknad med budsjett.	950 000

39	STIFTINGA KYSTSOGE- VEKENE	Snakkast på fjorden 2018	100 000	Avslag	(Barn og ungdom) Stiftinga Kystsogevkene får 1.250.000 kroner i driftsstøtte over kulturbudsjettet. Fylkesrådmannen finn ikkje rom til å prioritere denne søknaden med ei slik høg søknadssum som i tillegg går føre seg under Kystsogevkene. Slik fylkesrådmannen vurderer søknaden ligg dette under det ein kan forvente av organisasjonen sin gjennomføring av festivalen.	Snakkast på fjorden 2018 er eit undervisningsopplegg om kystkultur for ungdomsskulen som vert gjennomført i løpet av Kystsogevkene. Elevane får læra om kystkultur gjennom aktivitetane roing med venjabåtane Enigheden og Baronibåten, segling på seglskuta Seladon og vanntryggleik gjennom Coasteering, som vil seia juving med våtdrakt og hjelm i strandsona. Dette vert ein annleis skuledag med utgangspunkt på utvalgte friluftarenaer, slik at ein ikkje er så sårbar for vêrendringar, har god infrastruktur og god tilkomst for busstransport. Snakkast på fjorden 2018 er eit samarbeid mellom Kystsogevkene, Bergen og Omland Friluftsråd, Coasteering AS, seglskuta Seladon og andre lokale bidragsytarar.	102 000
40	SUNNHORDLAND KAMMER- ORKESTER	Talentutviklingsprosjekt	20 000	18 000	(Delvis barn og ungdom) Prosjektet er eit tilbod til interessert ungdom i heile Sunnhordland. Det er eit kompetansetiltak med regional verdi der ungdom får høve til å vere med på eit større klassisk verk. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 3 og 10.	Sunnhordland kammerorkester er et samarbeidsprosjekt på tvers av kommunegrensene og består av ungdom, amatører og profesjonelle strykere fra Sunnhordlandsregionen. Orkesteret har 28 medlemmer som kommer fra kommunene Stord, Kvinnherad, Bømlo, Etne, Sveio og Fitjar. En viktig oppgave for orkesteret er å drive talentutvikling, i tillegg vil vi gi publikum i Sunnhordland gode konsertopplevelinger. Våren 2018 blir konserten i Moster Amfi og på denne konserten vil Sara Belic være solist i Haydn sin Fiolinkonsert. Sara bor på Bømlo og er en av de talentfulle ungdommene i Kammerorkesteret. Det blir et variert program med klassiske og nyere verk for strykeorkester.	101 000

41	UNGVEST - BARNE- OG UNGDOMS-ORGANISASJONENE PÅ VESTLANDET	INTERNASJONALISERING	25 000	Avslag	(Barn og ungdom) UngVest får 650.000 kroner i driftsstøtte over kulturbudsjettet. Det er fint at UngVest opplev ei auke i aktivitet og prosjekt i si verksemd. Det er likevel ikkje rom for å støtte dette prosjektet som vert vurdert til å vere typisk driftsoppgåve. Fylkesrådmannen tilrår avslag på bakgrunn av vurderingskriterie 7.	I forbindelse med den økte aktiviteten og en stort antall prosjekter er det viktig med videreutvikling slik at styret fortsetter å kunne håndtere den veksten og de utfordringer som vi står ovenfor. Opplæring i tema som Utveksling utover landegrensene, prosjektledelse, økonomisk styring, kommunikasjon og relasjon med mer er noe av det vi har på planen det kommende året. For å komme i mål med dette søker vi Hordaland Fylkeskommune om kr 25.000,- til planlegging av prosjekter som skal gjennomføres med våre medlemsorganisasjoner og partnere i Europa. Første planlagte samling for styret er 4.-6. mai	963 000
42	UNOF Hordaland	Halsnøy Sommerskole 2018	50 000	30 000	(Barn og ungdom) Dette er eit prosjekt med regional verdi og med vekt på kompetanseheving. Denne søknaden støtter spesielt vurderingskriterie nr. 3, 5 og 10.	Sommerskolen på Halsnøy er et svært viktig bidrag til orkestermiljøet, både for bredden og for talentutviklingen på Vestlandet. Mange av dagens musikere fra Vestlandet har tilbrakt somrene sine på Halsnøy. Sommerskolen er også rekrutteringsarena for Bergen Filharmoniske Ungdomsorkester. Sommerskolen er til inspirasjon for de yngste musikantene som gjennom erfaringen med å spille med dyktige instruktører får mot og lyst til å utvikle seg videre på sine instrumenter.	770 000

43	Vestlandske Teatersenter	Jubileumsforestilling - Peter Pan	50 000	40 000	(Barn og ungdom) Vestlandske teatersenter (VT) mottok 412.000 kroner i driftstilskot over HFK sitt kulturbudsjett. VT er ein stor teaterskole for barn og unge og har gjennom 30 gjort eit godt arbeid. Dette prosjektet er ein særleg satsing i samband med jubileet. Det er eit regionalt tiltak av ein viktig aktør for det frivillige scenekunstheltet på vestlandet. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3, 7, 9 og 10.	Vestlandske Teatersenter sin teaterskole feirer sitt 30-års jubileum i 2018. Dette ønsker vi å markere på en måte som synleggjør alle våre elever. Dette gjør vi ved å sette opp "Peter Pan" som musikkteater og innlemmer alle våre elever 140 - 145 stykker i produksjonen. Det blir 3 crew à ca 45 elever som spiller hver sin dag, totalt 12 forestillinger.	38 500
44	Voss Jazzskule	Voss Jazzskule. Prosjekt med Zoe Rahman.	28 500	18 000	(Barn og ungdom) Dette er eit spesialisert tilbod på høgt nivå som tiltrekker seg ungdom frå fleire kommunar, og er såleis eit regionalt tiltak. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 10.	Vi skal har tre dagers prosjekt med den prisvinnende engelske pianisten, Zoe Rahman. Hun skal være på Voss 3. - 5. mai. Prosjektet skal holde sted i Osasalen på Voss. Vi skal har med 18 barn og ungdom (12-22 år) fra Voss, Granvin, Ulvik, Bergen og Os kommuner. Prosjektet har tre deler: - Komposisjons prosjekt. Eleven skrive egen musikk for å spille sammen med Zoe Rahamen på piano! - Masterclass. Kommunikasjon og kreativitet i samspill Øke frihet i improvisasjon. Hvordan utvikle selvtillit i samspill situasjon. Utvikling av egen spillestil. - Jazzskule konsert. 5. mai om dagen holde vi øvinger til konsert med Zoe Rahman om kvelden!	80 000

45	Ytre Sogn og Sunnfjord Brass Band	Musikalsk kulturutveksling	20 000	Avslag	(Barn og ungdom) Denne ordninga kan m.a. ikkje gi støtte til "Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald o.l.". Fylkesrådmannen tilrår difor avslag på bakgrunn av føremålet med ordninga.	Søker støtte til musikalsk kulturutveksling med 2 ungdomskorps i Skottland. Prosjektet er grunnfinansiert gjennom Erasmus+ Aktiv ungdom, men vi treng å få finansiert konsertar og kulturarrangement. YSSBB er eit samlingsbasert ungdomskorps i alderen 12- 22 år frå korpsa; Nordbygda i Masfjorden, Brekke, Flora og Bremanger i Sogn og Fjordane. YSSBB var etablert i 2004 og er eit svært viktig samarbeidsprosjekt for å engasjere ungdom til å fortsette å spele i korps. Prosjektet er eit viktig steg på vegen til å kunne formidle opplevingar og dele musikalske uttrykk med andre kulturar, lære og bli inspirert. Vi er sikker på at denne kulturutvekslinga vil gje store ringverknader og inspirasjon i korpsmiljøet på tvers av fylkeskommunane framover.	245 000
	SUM		1 351 062	516 000			11 003 197

